

Bømlo kommune  
Martin Gøtz

Dykkar ref.

Vår ref.

17/220-8/KES

Dato

30. november 2020

## Ei plansak i Bømlo kommune. Fråsegn frå stadnamntenesta i Språkrådet.

Me syner til eit brev som Martin Gøtz i rådgjevingskontoret Gøtz AS skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet og til andre partar 24. november i år.

Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytta **Lehamn** som namn på det aktuelle planområdet attmed Brandasund i Bømlo kommune. Skrivemåten *-hamn* finn me att i innarbeidde lokale stadnamnformer som *Mosterhamn*, *Bømlahamn*, *Goddehamn* og *Fold(e)røyhamn*. (Ein kan òg jamføra med andre offisielle stadnamnformer i Hordaland, til dømes *Strusshamn* i Askøy kommune og *Gjermundshamn* i Kvinnherad kommune.)

I det nedarva talemålet i Bømlo er ordet *hamn* nytta som eit sterkt hankjønnsord, og ordet er etter gammalt uttala «habm» både i bunden og ubunden eintalsform. (Jf. blant anna med det som står om namnet *Mosterhamn* på side 124 i band 11 i bokverket *Norske Gaardnavne*.) I Sentralt stadnamnregister, SSR, er skrivemåten *-hamn* registrert som godkjend skrivemåte i sytten offisielle stadnamnformer i Bømlo kommune. Skrivemåten *-hamnen* ligg inne som godkjend form i berre tre tilfelle i same kommunen. For gardsnamnet *Bømlahamn(en)* er det gjennomført namnesak, og i den saka vart *Bømlahamn* fastsett som offisiell form.

Skrivemåten **Lehamn** (utan bunden artikkel) kjem på line med den vedtekne forma *Bømlahamn*, og skrivemåten er i tråd med dei innarbeidde namneformene som me nemnde i andre avsnittet i dette brevet. (Jf. med punkt 6 i det regeldokumentet som ber tittelen *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*.) Me reknar med at førelekken i det namnet som me har føre oss i denne saka, er ordet */e* (n.) nytta med tydinga 'livd' eller 'ly'.

Med helsing frå



**Postadresse**  
Postboks 1573 Vika  
NO-0118 Oslo

**Besøksadresse**  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 Oslo

**Sentralbord**  
+47 22 54 19 50

**E-post**  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)  
**Internett**  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

**Organisasjonsnummer**  
971 527 404

Gunnstein Akselberg  
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims  
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.*

**Mottakar:**  
Bømlo kommune

**Kopi til:**  
Kartverket Bergen

**martin@goetz.no**

---

**Fra:** post@goetz.no  
**Sendt:** onsdag 16. desember 2020 10:38  
**Til:** martin@goetz.no  
**Emne:** VS: Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehamn, planid 202008, gnr.154, bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune - uttale fra Haugaland Kraft Nett AS

---

**Fra:** Djupesland, John Arvid <John.Arvid.Djupesland@hkraft.no>

**Sendt:** 16. desember 2020 09:59

**Til:** 'post@goetz.no' <post@goetz.no>

**Emne:** Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehamn, planid 202008, gnr.154, bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune - uttale fra Haugaland Kraft Nett AS

Til Rådgjevande ingeniørar Gøtz AS, v/Martin Gøtz.

Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehamn, planid 202008, gnr.154, bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune - uttale fra Haugaland Kraft Nett AS:

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for videre utvikling av eksisterende næringsvirksomhet i området.

De planlagte tiltak vil medføre behov for økt effektuttak fra strømforsyningsnettet i området.

Det er ikke ledig kapasitet i eksisterende strømforsyningsnett,  
så de vil medføre behov for en nettforsterkning,  
mest sannsynlig en ny nettstasjon/trafokiosk i nærområdet.

Med vennlig hilsen

John Arvid Djupesland  
Sivilingeniør  
Haugaland Kraft Nett AS

Mobil: 98 23 72 60  
Sentralskive: 98 70 52 70  
E-post: [jad@hkraft.no](mailto:jad@hkraft.no)

[martin@goetz.no](mailto:martin@goetz.no)

---

**Fra:** Eirik Søyland Herdlevar <Eirik.Herdlever@museumvest.no>  
**Sendt:** fredag 18. desember 2020 12:52  
**Til:** martin@goetz.no  
**Emne:** SV: Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehavn, gnr.154 bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune. Plan-ID: 202008

**Status for flagg:** Flagget

## **Vedr. Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehavn, gnr.154 bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune. Plan-ID: 202008. Forholdet til marine kulturminne.**

Me viser til e-post motteke 24.11. 2020.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Lehavn gbnr. 154-4 i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av regulerenga. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til regulerenga.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

**Eirik Herdlevar | Bergens Sjøfartsmuseum**

Marinarkeolog | + 47 55 54 96 02 |

[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)

---

**Fra:** martin@goetz.no <martin@goetz.no>  
**Sendt:** tirsdag 24. november 2020 11:32  
**Til:** marinarkoologi <marinarkoologi@museumvest.no>; josteinwaage@icloud.com; formann@b-bl.no; ove.halleraker@bomlo.kommune.no; bjorn-hroar.sortland@bomlo.kommune.no; 'Gjerde, Elisabeth' <elisabeth.gjerde@bomlo.kommune.no>; Stian.Olderkaer@bomlo.kommune.no; njal-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no; 'Djupvik, Linda' <Linda.Djupvik@bomlo.kommune.no>; vardan.vardanyan@bomlo.kommune.no; reidar.b.meling@bomlo.kommune.no; Stein.Erik.Lyslo@bomlo.kommune.no; elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no; Kjetil.Aga.Gjosaeter@bomlo.kommune.no; kjell.magnar.mellesdal@bomlo.kommune.no; Bjorn.Havard.Bjorklund@bomlo.kommune.no; kjersti-helen.folleso@bomlo.kommune.no; Lene.Borgen.Waage@bomlo.kommune.no; Kristin.Skare@bomlo.kommune.no; elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no; magnar.skalevik@haugnett.no; post@bomlonr.no; post@bva.no; ruth-berny@haugnett.no; firmapost@finnas-kraftlag.no; vest@fiskarlaget.no; postmottak@fiskeridir.no; post@frivest.no; fmvlpost@fylkesmannen.no; postmottak@karmsund-havn.no; post@kystverket.no; postmottak@mattilsynet.no; johnny.bo@haugnett.no; svein@fylkesnes.info; skyss@skyss.no; post@sprakradet.no; sunnhordland@botaniskforening.no; jermund.skar@haugnett.no; sim@sim.as; John.Arvid.Djupesland@hkraft.no; odd.hallaraker@haugnett.no; tore.slanning@vlfk.no; post@vlfk.no  
**Kopi:** perarnthope@gmail.com; 'William Hope' <william.hope@haugnett.no>; 'Line Hatlevik' <line@goetz.no>; postmottak@bomlo.kommune.no; 'Lea, Thorleif Thormodsen' <ttl@bomlo.kommune.no>

**Emne:** Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehamn, gnr.154 bnr.4, Brandasund, Bømlo kommune. Plan-ID: 202008

Hei,

Viser til vedlagt oppstartsmelding for næringsområde Lehamn, eigedom gnr. 154, bnr. 4, Bømlo kommune (plan-ID: 202008).

Grunneigarar og naboor vert varsla 24.11.2020 og det er tinga oppstart i «Bømlo nytt» avis og på kommunen sin nettstad same dag.

Dersom de har merknadar til planen så skal det sendast til Gøtz AS på e-post: post@goetz.no **innan 05.01.2020.**

Venleg helsing

Martin Gøtz



Post: Sæ 132, 5417 STORD  
Kunnskapshuset  
Tel.: 47 26 36 39  
E-post: martin@goetz.no

Gøtz AS  
Att:  
Sæ 132  
5417 STORD

## Bømlo kommune Vestland - Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehavn gnr154 bnr4 Brandasund

Vi viser til e-post sendt 24.11.2020 frå Gøtz AS med melding om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for gnr 154 bnr 4 Brandasund.

### Føremål og planstatus

Ifølge oppstartsmelding;

«Føremål med reguleringsplanen er å leggja til rette for deling av eigedomen og vidare utvikling av eksisterande næringsverksemder. Det skal etablerast bevertnings-/kurslokale, nytt drifts- og kontorbygg, 1 stk. naust/lager og 2 stk. uteleigeeiningar, samt parkeringsplassar, kai og båtanlegg...».

Ihht til kommuneplanen er sjøområde som inngår i planen satt av etter hovudførmalet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone».

### Vurdering fiskeriinteresser

Det er ikkje registrert særskilde fiskeplassar under tema *Kystnære fiskeridata* i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy [Yggdrasil](#) i denne delen av Karihavet. Men vi gjør likevel merksam på at under det sesongmessige fisket etter makrell, sild og brisling er det vanlig med fiskeriverksemder og låssetting av fangst i Karihavet og i dei tilgrensande sjøområda. I samband med fiskeriverksemder gjer vi merksam på forbod mot fiske (100 meter) og forbod mot ferdsle (20 meter) som gjeld i kring fortøyd lås /fiskesteng ([Havressurslova, § 27](#)). Vi ser likevel ikkje at konfliktpotensial med utøving av fiske er stort ved regulering av sjøområde for båtanlegg som synt i prinsippskisse til oppstartsmeldinga.

Forslag til reguleringsplan skal sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region Vest og fiskarane sine interesseorganisasjonar, vi henviser her til Sunnhordland Fiskarlag og Fiskarlaget Vest.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

## Mottakarliste:


Gøtz AS Sæ 132 5417 STORD

Kopi til:

Fiskarlaget Vest Slottsgaten 3 5003 BERGEN  
Fylkesmannen i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER



Kart Fiskeridirektoratet





Dato: 21.12.2020

Kartverket, Geovest, kommuner\_og\_OSM - Geodata AS; Fiskeridirektoratet

Kystnære fiskeridata

- |   |                                   |
|---|-----------------------------------|
|  | Gyteområder                       |
|  | Fistl eplasser - Aktive redsl ap  |
|  | Fistl eplasser - Passive redsl ap |
|  | Rel effekt - Aktive redsl ap      |
|  | Lässettingsplasser                |







Vår dato:

03.01.2021

Vår ref:

2020/17878

Dykkar dato:

24.11.2020

Dykkar ref:

GØTZ AS  
Sæ 132  
5417 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

## Uttale til oppstartsmelding om detaljregulering – Bømlo, 154/4, Brandasund - næringsområde Lehavn

Vi viser til oversending datert 24.11.2020, med varsel om oppstart av detaljreguleringsplan. Frist for uttale er satt til 05.01.2021.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for deling av eigedomen og vidare utvikling av eksisterande næringsverksem. Eksisterande næringsverksem er knytt til turisme, bevertning og fiske. Det er ein eksisterande bustad og eit naust på eigedomen i dag som vert nytta i næringsverksemda. Det er ønskje om å rive det eksisterande naustet og etablere kombinert drifts- og kontorbygg og moglekeit for utleige. Eksisterande bustad er ønska bygd på, med bevertnings-/kurslokale og lager. Elles skal det regulerast parkeringsplassar, kai og båtanlegg, og nokre mindre bygg for lager, utleige og overnatting.

Planområdet er ikkje regulert frå før. I kommuneplanen sin arealdel er område på land sett av til framtidig fritids- og turistføremål, og område i sjø til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Kommunen har vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutreiing.

### Merknadar

Statlege planretningsliner skal alltid leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (tbl.), jf. tbl. § 6-2 andre ledd.

Planområdet er i all hovudsak bygd frå før, med eksisterande bustad, naust, planert fylling og kaianlegg. Dei delar av planforslaget som råkar natur skal like fullt vurderast etter naturmangfaldlova, jf. §§ 7-12. Dette må komme klart fram av planframlegget.

Vi viser elles til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine sjekklister om førehald som må avklarast ved utarbeiding av plan: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-og-eiendom/plan-og-bygningsloven/plan/veiledning-om-planlegging/test-maler-for-behandling-av-reguleringsplaner/id2413265/>, og til Miljødirektoratet sin nettside for nyttige tips i planlegginga: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/>



Statsforvaltaren har på noverande tidspunkt ingen nemneverdige merknadar til oppstart av planarbeidet. Vi kjem ev. attende med meir utfyllande merknadar når planframlegg føreligg til ettersyn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 05.01.20

Vår ref: 2020/1618  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

Gøtz AS  
v/Martin Gøtz

## **Bømlo, Brandasund, Lehamn – oppstart detaljregulering 154/4**

Viser til brev av 24.11.20, med vedlegg, frå Gøtz AS om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Sunnhordland Fiskarlag.

### **Generelle merknader**

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde. Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal og utslepp av spillfør/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, m.m.), ankring, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar kan til tider oppleve å motta klagar frå bebuarar og fritidsbebuarar. Det er viktig at ein respekterar fiskarane sin hevdunne rett til bruk av sjøområde i si verksemeld.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit. Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

### **Lehamn**

Detaljreguleringa vil legge til rette for vidare utvikling av eksisterande næringsverksemeld. Det er planlagt mellom anna bevertning-/kurslokale, drifts-/kontorbygg, eitt naust/lager, to utleigeeiningar, parkeringsplassar, kai og båtanlegg.



Fiskarlaget Vest visar til at det er registrert fiskerihamn i Kastevika, sør-vest for reguleringsområdet. Det er ikkje andre registrerte fiskeriinteresser, men det blir òg fiska i område som ikkje er registrert. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Ein føreset at tiltak i området ikkje vil ha negativ innverknad på aktivitet knytta til yrkesfiske i området.

Ved vurdering av småbåthamner/-anlegg må ein ha med seg den potensielle forureininga ei slik hamn/anlegg føre med seg. Det er viktig at det blir lagt til rette for miljøvenlege småbåthamner/-anlegg i føresegnene. Det finst mellom anna to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner:

- COWI (2017), *Miljøvennlige småbåthavner*, som viser at småbåthamner forureinar grunnen og sjøbotn, og at spyling og vedlikehald av skrog er den største kjelda (utarbeida på oppdrag frå Miljødepartementet).
- CIENS (2011), *Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus*, gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø  
*Dagleg leiar*

Eirin Kongestøl Espeland  
*Rådgjevar*

Kopi: SunnhordlandFiskarlag  
Bømlo kommune  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Fylkesmannen i Vestland

GØTZ AS  
Sæ 132  
5417 STORD

## Innspel til oppstart av detaljreguleringsplan for næringsområde Lehamn, gnr 154 bnr 4, Brandasund, Bømlo kommune. Plan-ID: 202008

Vi viser til brev datert 24.11.2020 med uttalefrist 05.01.21 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Lehamn, gnr 154 bnr 4, Brandasund, Bømlo kommune. Føremål med reguleringsplanen er å leggja til rette for deling av eigedomen og vidare utvikling av eksisterande næringsverksem. Næringsdrifta er basert på fiske og turisme. Det skal etablerast bevertnings-/kurslokale, nytt drifts- og kontorbygg, 1 stk. naust/lager og 2 stk. uteleigeeiningar, samt parkeringsplassar, kai og båtanlegg.er i kommuneplan sett av til framtidig fritids-/turistføremål. Tilgrensande areal i sjø er vist som bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Planarbeidet er i strid med gjeldande plangrunnlag på følgjande punkt, skildra i referat frå oppstartsmøte og i oppstartsvarsel:

- *Føremålet fritids- og turistformål er for reine hytter til utelege, med leirplass o.l. Drifta som det planleggjast for, med utelege, bevertning og lager, driftsbygg og kontor til fiskeri må regulerast til næringsformål. Avviket frå kommuneplanen skyldast snarare feil bruk av arealformål enn eit avvik frå ønska arealbruk. Kommuneplanen legg opp til næringsverksem på eigedomen, og det er planen sin intensjon at drifta skal kunna vidareførast og vidareutviklast. Kommunen er derfor positiv til at arealformål endrast til næring.*
- *Delar av eksisterande kai/planert areal ligg utanfor føremåls grensa i sjø som er satt i kommuneplanen. Dette gjeld også eksisterande flytebrygge, samt planlagd båtanlegg, som vil ligge i føremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Kommunen vurderer avviket frå kommuneplan som akseptabelt.*

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering og innspel

#### Friluftsliv

I vidare planlegging bør ein vurdere om utbygging i planområdet kan kome i konflikt med viktige område for friluftsliv, og sørge for at ein legg til rette for gode ferdselsvegar slik at ikkje planen hindrar tilkomst. Det er også viktig at planlegginga sikrar grøntstruktur.

#### Landskap, arkitektur og estetikk

Det er viktig at planlegginga tek omsyn til landskapsverknadene av nye byggetiltak og infrastruktur, og at utforming av bygg og utsjøen skapar gode butilhøve. Ved bygging i skrånande terrenget bør ein leggje vekt på terrengetilpassing av nye bygg og unngå store skjeringar og fyllingar.

#### Strandsone

Nærleik, tilkomst og utsikt til sjø er eit gode og ein attraksjon i Sunnhordaland. Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylket. Vi minner om *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* som vart vedteken 04.10.2017, og stadfesta i KMD 20.03.2020. Planen har mål som gjev at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for

lokalmiljøet med fokus på natur -og landskapsopplevelingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre ueheldig utbygging. Vi ber om at planen skildrar korleis nye tiltak har verknad på tilgjenga til strandsona.

Sentrale føringar for utbygging i strandsona er fortetting i eksisterande utbygde område med omsyn til lokale tilhøve, medan urørte område bør haldast fri for inngrep, samt at nye tiltak bør trekkast så langt unna sjø som mogleg og i retning fra sjøen. *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* har retningsliner som står oppom sentrumsutvikling for byer og tettstader som har sitt definerte sentrumsområde innanfor 100-metersbeltet til sjø. Ved utbygging må likevel omsynet til andre interesser ivaretakast best mogleg. Næringsutvikling i strandsona bør vere avgrensa til næring som er avhengig av tilkomst til sjøen.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og bli vurdert som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne, marine kulturminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne. Vi gjer merksam på at det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarlegge spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. På bakgrunn av topografiske tilhøve og at areala i stor grad er nedbygd frå før, blir området vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka. Når det gjeld eventuelle marine kulturminne, ligg saka også til vurdering hos Bergens Sjøfartsmuseum. Innspel frå sjøfartsmuseet vil bli oversendt tiltakshavar.

Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre  
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiling/>

#### Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særlig vekt på strandsona og kulturarv. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

#### Med helsing

Eva Katrine Taule  
fagleiar

Nina Gjester Hoel  
spesialrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:  
Tore Sløning, Kulturarv  
Nina Gjester Hoel, Plan, klima og folkehelse

Kopi til:  
Bømlo kommune  
Fylkesmannen i Vestland